Harald Dag Jølle, forfattar og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Midnattstind

På Midnattstind er godt å vere. Foto: Knut Bry

TUREN

Høgt til fjells ein stad i Nord-Noreg. «Adkomst fra Tromsø forholdsvist enkelt», skreiv Peter Wessel Zapffe om dette området på 1920-talet, «man kjøper en sammenfoldbar kano fra Rosenheim i Bayeren, bygger et baathus paa Tromsøens vestside og starter friskt derfra.» Nokre mannsaldrar seinare er det enklare å kome hit. Men fjella er dei same.

Eg står på ei lita hylle, og tauet glir sakte ut av hendene mine. Det er seint på kvelden og tidleg på sumaren. Sola står lågt, men ho går ikkje ned. Ikkje før om ein månad. Det er vanskeleg det klatrekompisen min er i gang med. Bratt og luftig. Og det kjem til å ta tid. Men det stressar meg ikkje. Me har det ikkje travelt her på Midnattstind.

Zapffe peika på at namna på kartet ikkje stemte med dei lokale tradisjonane. Kanskje ikkje så rart når kvar familie hadde sine namn på fjella. Det var difor vanskeleg å namngje kva for ein topp han hadde vore på. Midnattstind finst heller ikkje på kartet. Kartverket har registrert ei rekkje fjell til nær sagt alle døgnets tider her i nærleiken – Durmålstind, Middagstind, Nonstind.

Men Midnattstind er ikkje eit fjell, det er ei kjensle. Eg kjem i hug fleire midnattstindar. Ei bergtatt stemning – dagen i fjellet tek aldri slutt. At du kan bruke så lang tid du vil. Klokka går, men lyset består – for å skrive om ein gamal reklametekst. Og slik har eg det no, her eg står på hylla mi ein junikveld og tauet knapt lear seg ut av taubremsen.

Klokka to om natta når me toppen. Men ingen masar om at me må skunde oss heim. Me berre sit og ser. Varm granitt og kvit snø. Høg himmel og klar luft. Me ser havtåka sige mot land langt der nede. Men det uroar oss ikkje, ho når aldri opp til vårt paradis. «Udsigten fabelaktig som vanlig», noterer Zapffe nøkternt frå ein nabotopp. Som vanleg er det ikkje lett å seie han imot.

«Den som vil opp på fjellet skulle kanskje ikkje springe av garde.»

Ivar Aasen

Christiane Ritter 1897–2000

BIOGRAFIEN

Ho reiste frå ein praktvilla i Karlstad. Mannen var vitskapsmann og eventyrar. Han hadde lenge skrive at ho måtte pakke lett og kome nordover til Spitsbergen. Og i 1934 tok kunstmålaren Christiane Ritter sats. Ho ville sjå nordlyset, sa ho til passasjerane som undra seg på kva ærend ho hadde i Arktis.

Saman med tromsøværingen Karl Nicolaisen skulle ho og ektemannen overvintre på Gråhuken, den audaste spissen av Svalbard, nord mot Ishavet. I ei lita kasse, kledd med svart tjærepapp, skulle dei bu polarnatta gjennom. Det er knapt naudsynt å påpeike at overgangen frå eit liv med hushjelp og gartnar i Sentral-Europa må ha vore stor.

På veg nordover fekk ho eit godt råd frå telegrafisten i Advent Bay: ta ein spasertur kvar dag, også i mørketida, det er like viktig som mat og drikke. Og Christiane Ritter meistra polarnatta. Og ho vart sterkt gripen og fasinert av den arktiske naturen. I 1938 gav ho ut boka *Eine Frau erlebt die Polarnacht*, kor ho skildrar nokre av dei mange opplevingane sine. Boka har vorte ein moderne klassikar i arktisk litteratur. Ho er omsett til ei rekkje språk og kom på norsk i 2002 – med tittelen *Kvinne i polarnatten*.



Christiane Ritter skildrar den arktiske naturen – både i tekst og bilete – på meisterleg vis.



Loppetur

NYTT TURUTSTYR

Eg har skrive om mykje dyrt turutstyr i denne spalta. Eg innrømmer det. Men Marius Nergård Pettersen er i ferd med å vise at det langt ifrå er naudsynt å blakke seg for å dra til fjells. Sjølv på skikkelege vinterturar kan ein klare seg utan å gå via ekspedisjonshylla i sportsbutikken. Loppetur har han kalla det i bloggen sin. Målet er å skaffe seg «utstyret som andre bytter ut – og bruke det på en tur som er mer krevende enn hva de fleste utsetter seg for.» Etter nokre veker kor han har brukt laurdagsmorgonane til å vitje loppemarknader, sit han med ei imponerande samling med brukande utstyr. Gore-tex jakke og bukse, skisko og ski, sekk og gamasjar, spade og kokekar, for å nemne noko. Alt ser ikkje like fancy ut, men det meste verkar funksjonelt og lite brukt. Han manglar førebels primus og telt, men så har han heller ikkje betalt meir enn 985 kroner på ei tilnærma komplett vinterturutrusting.

Sennagras

Varmare blir du ikkje på beina. Sennegraset blir banka før det blir bunta og turka.

GAMALT TURUTSTYR

Fridtjof Nansen var ikkje i tvil: «Skal en færdes i sne ved lav temperatur – på eller uden ski – er finsko ubetinget det bedste fodplag af alt jeg har prøvd.» Dei var lette og funksjonelle – og fylt med sennagras er dei utruleg varme. Sennegraset veks på myrer på vidda, men løyndomen er handsaminga. Graset blir kutta, banka og turka. Deretter fordeler og danderer ein ei passe mengde i skoa, slik at graset blir liggjande rundt foten. Det trengst røynsle for å få det bra. I dag har mange gått over til å bruke ullkatank i skallane, men framleis er det folk som produserer dette utrulege isolasjonsmiddelet. Eg har sjølv hatt stor glede av å fylle teltskoa mine med sennagras. Vedundermidlet frå Finnmark held meg ikkje berre varm om kveldane, det tørkar opp ein sveitt fot og gjer han klar for ein ny dag på ski.

Med ein avdanka undervassbåt ville Hubert Wilkins og Harald Ulrik Sverdrup freiste å kome under isen i Polhavet i 1931. Foto: Norsk Polarinstitutt

«Nautilus»

REKORDEN

I 1931 ønskte den australske eventyraren Hubert Wilkins å føre ein undervassbåt til Nordpolen. Han fekk tak i eit utrangert amerikansk eksemplar frå fyrste verdskrigen, døypte han «Nautilus» og skvulpa over Atlanterhavet. I Bergen mønstra ein presteson frå Sogn på som vitskapleg leiar. Harald Ulrik Sverdrup var på det tidspunktet ein av verdas mest lovande oseanografar. Han hadde rikeleg erfaring med polarisen. I sju (!) år hadde han vore vitskapleg leiar på Roald Amundsens «Maud»-ekspedisjon.

Det var mange som meinte Wilkins' plan var vanvitig. Den svenske fysikaren Walfrid Ekman trygla Sverdrup om å bli heime. Han meinte oseanografien ikkje hadde råd til å miste han. Men freistinga vart for stor. I løpet av ein sumar kunne han oppnå det dei ikkje hadde klart på sju år med «Muad»: å kome til Nordpolen – og å skaffe vassobservasjonar frå det sentrale Polhavet. Men alt har sin pris: Det var frykteleg trongt om bord. Ubåten rulla forferdeleg når han gjekk i overflata, det lukta diesel heile tida, røyken seig inn i korridorane, drikkevatnet var rustraudt og smaka motbydeleg, vaskevatnet var oljete. Toalettilhøva egnar seg ikkje å skrive om. Sverdrup stanga stadig skallen bort i alt mogleg i den tronge båten og lova han aldri meir skulle gå om bord i ein ubåt utan ein polstra hatt – med følehorn.

På 82 grader møtte dei isen. Dei gjekk ut for å finne ferskvatn, trekke frisk luft og gjera observasjonar. Så gav Wilkins endeleg signalet til å dykke under isen. Men djubderoret verka ikkje. Det var borte. Anten hadde det falle av, eller så hadde ein i mannskapet fått kalde føter og gjort sabotasje. Wilkins avgjorde likevel at dei skulle prøve å presse den gamle ubåten under isen med rennefart. Men forsøket var ikkje særleg vellukka – og oseanografien fekk såleis behalde ein av sine aller største.

Sjølvpålagde lidingar i grisgrendte strok

«Bunnlinja» kallar dei det. Det er ei god nemning. Feilen er at dei trur at det handlar om pengar.

STEIN P. AASHEIM

Fugle-perspektiv

Gråsporven skulle kverke insekt og heimlengt. Foto: Sergey Yeliseev / flickr

Land-vinnar

Jordbruk, jødedom, kristendom, islam – mangt kjem frå Midtausten. Det gjer også fuglen som har nådd vidast i verda.

Gråsporven vil ha folk rundt seg, og folk vil ha sporven rundt seg, ser det ut til; då menneska tok til å dyrke jorda, var sporven på pletten for å ete spillkorn. Han vende seg til å bu tett på folk, og følgde med når jordbruket spreidde seg til Europa, Asia og Nord-Afrika. I dag yrer det med gråsporv i alle verdsdelar utanom Antarktis. Men han kryssa ikkje verdshava for eigen maskin: Gråsporvar vart frakta med båt til Nord- og Sør-Amerika, Australia, Sør-Afrika og meir til. Dei skulle knekkje insekt og minne europeiske utvandrarar om gamlelandet. Sporvane treivst og la kontinenta under seg – men på Grønland vart livet for hardt.

Sansar du sporvekvitter i São Paulo, Durban eller Sydney, er det altså ein atterklang av kolonitid du høyrer.

Her heime vert det no færre gråsporvar. Det kan ha fleire årsaker, men det er sikkert at jordbruket ikkje byr på like mykje mat til sporven som før. Det er synd, for han kan ikkje leve av kafésmular åleine.

SVEIN ARNE ORVIK

Svein Arne Orvik skriv om fuglar for Dag og Tid.